

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest v/Eli Marita Vik Næss, Lars Erik Lunde,
 Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 18/8987-1

Fylkesveg – fordeling av planleggingsmidlar 2019

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Med atterhald om fylkestinget si godkjenning av budsjettet for 2019, vert planleggingsmidlar for 2019 på 8,2 mill. kr fordelt slik (1000 kr):

Planlegging ufordelt	-7
Fv. 53 Ljoteli	693
Fv. 55 Bru over Esefjorden (skredsikring Kjenes)	100
Fv. 57 Dale – Storehaug	150
Fv. 60 Hildestranda – Innvik	80
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	184
TS-tiltak fv. 484 Tefrevegen i Førde kommune	50
Fv. 548 Brandsøy – Solheim	1400
Fv. 607 Heggebø – Leirvik	-299
Fv. 609 Heilevang	500
Fv. 611 Sæle – Engebø	500
Fv. 614 Breivika – Svelgen	1050
Fv. 614 Svelgen – Indrehus	2200
Fv. 615 Sandane – Fitje	500
Fv. 698 Blaksetstunnelen	112
Fv. 722 Flovegen	67
Fv. 724 Oldedalen	-80
Tiltak for framkome og tryggleik	500
Trafikktryggingstiltak	400
Kollektivtrafikktiltak	100

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

FIN-sak 4/2018 Budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 – Arbeidsdokument 4/18
 FT-sak 8/18 Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019-2021
 FT-sak 57/2017 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I framlegg til saldert budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 er det lagt inn ei løyving på 8,2 mill. kr til planlegging og prosjektering i 2019, noko finansutvalet slutta seg til 2. november 2018. I denne saka gjer vi greie for korleis desse midlane skal fordelast.

Innanfor planleggingsmidlane skal vi finansiere all planlegging etter plan- og bygningslova etter ei slik framdrift at prosjekta er klare til å starte når dei ligg an til å få prosjektløyving. Kostnader

med prosjektering og grunnverv skal i utgangspunktet dekkast innanfor prosjektløyvinga. Vi vil i hovudsak omtale behov for planleggingsmidlar i 2019 og framlegg til fordeling av midlane.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget handsama Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt 2019-2021 i sak 8/18. Dette ligg til grunn for fordeling av dei årlege planleggingsmidlane. I tillegg må vi ta omsyn til framdrifta i prosjekta der planlegginga er starta.

Andre opplysningar

Det er ønskje om at planleggingsmidlane vert fordelte allereie no, sjølv om budsjettet for 2019 ikkje er vedteke og vi ikkje har full oversikt over meir-/mindreforbruk på planprosjekta i 2018. Ev. justeringar av behov for midlar i 2019 på dei ulike planprosjekta må vi difor få kome attende til i samband med tertialrapporteringa for 2019.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Vi føreset at mindreforbruket på 0,462 mill. kr frå 2018 vert overført frå 2018 til 2019. Dette gir følgjande ramme for planleggingsmidlar 2019:

Løyving 2019:	8,200 mill. kr
+ overførte midlar frå 2018:	0,462 mill. kr
Til disposisjon 2019:	8,662 mill. kr

Ramma til planlegging er ikkje stor nok til å dekkje innmelde behov.

Framlegg til fordeling av planmidlar for 2019

Statens vegvesen tilrår at planleggingsmidlane for 2019 vert fordelt slik det er synt i kolonne «Fordeling 2019»:

Tal i 1000-kr

Strekning	Kommune	Til disposisjon 2018	Forbruk 2018	Overført frå 2018	Behov 2019	Fordeling 2019	Til disposisjon 2019
Planlegging ufordelt		-31		-31		-7	-38
Fv. 53 Ljoteli	Årdal	1 007	1 600	-593	100	693	100
Fv. 55 Bru over Esefjorden (skredsikring Kjenes)	Balestrand	1 000	100	900	1 000	100	1 000
Fv. 57 Dale - Storehaug	Fjaler/Gaular			0	150	150	150
Fv. 60 Hildestranda - Innvik	Stryn	190	220	-30	50	80	50
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	Årdal	2 616	2 800	-184	1 000	184	0
TS-tiltak fv. 484 Tefrevegen i Førde kommune	Førde	100	100	0	50	50	50
Fv. 548 Brandsøy - Solheim	Flora	300	200	100	1 500	1 400	1 500
Fv. 607 Heggebø - Leirvik	Hyllestad	949	600	349	50	-299	50
Fv. 609 Heilevang	Førde			0	500	500	500
Fv. 611 Sæle - Engebø	Naustdal			0	500	500	500
Fv. 614 Breivika - Svelgen	Bremanger	600	1 550	-950	100	1 050	100
Fv. 614 Svelgen-Indrehus	Bremanger	600	600	0	2 900	2 200	2 200
Fv. 615 Sandane - Fitje	Gloppen			0	500	500	500
Fv. 698 Blaksetunnelen	Stryn	88	200	-112	0	112	0
Fv. 722 Flovegen	Stryn	13	80	-67	0	67	0
Fv. 724 Oldedalen	Stryn	100	20	80	0	-80	0
Atløysambandet	Askvoll	1 000	0	1 000	1 000	0	1 000
Tiltak for framkome og tryggleik				0	500	500	500
Trafikktryggingstiltak				0	400	400	400
Kollektivtrafikktiltak				0	100	100	100
PLANLEGGINGSMIDLAR SUM				462	10 400	8 200	8 662

Prosjektomtale – igangsette planprosjekt

Fv. 53 Ljoteli i Årdal

Prosjektet er eit skredsikringsprosjekt med planlagt oppstart i 2019. Det er venta at reguleringsplanen vert godkjent i desember 2018. Det er ført opp midlar til å dekkje meirforbruket frå 2018 og til slutføring av arbeidet med reguleringsplanen.

Fv. 55 Bru over Esefjorden (skredsikring Kjenes) i Balestrand

Dette er skredsikringsprosjekt med planlagt oppstart i 2021. Prosjektet fekk tildelt 1 mill. kr til planlegging i 2018, i samband med FT-sak 30/18 Tertialrapport 1/2018. Vi reknar med å kome godt i gang med reguleringsplanen i 2019.

Fv. 60 Hildestranda – Innvik i Stryn

Prosjektet er ikkje prioritert med investeringsmidlar i inneverande planperiode. Det er ført opp midlar til å slutføre arbeidet med reguleringsplanen og arkeologiske registreringar.

Fv. 303 Seimsdalstunnelen i Årdal

Prosjektet er eit «Stort investeringsprosjekt» med planlagt oppstart i 2020. Reguleringsplanen er venta godkjent i desember 2018. Det kan hende at det er trong for planleggingsmidlar i 2019 til å regulere området for deponi. Dette er avhengig av om søknad om sjødeponi vert godkjent eller ikkje.

På grunn av stram ramme til planlegging i 2019, har vi ikkje ført opp midlar til deponiområdet. Dette må vi kome tilbake til i samband med tertialrapport.

TS-tiltak fv. 484 Tefrevegen i Førde

Prosjektet har fått tildelt investeringsmidlar frå posten «Trafikktryggingstiltak». Det er ført opp midlar til å slutføre arbeidet med ei mindre reguleringsendring.

Fv. 548 Brandsøy – Solheim i Flora

Gang- og sykkelvegprosjektet har startløyving i 2019. Prosjektet fekk tilført midlar til å lage reguleringsplan i 2018. Det var då tenkt at vi skulle kvalitetssikre og oppdatere eksisterande reguleringsplanar. Det viser seg no at vi må regulere store deler av strekninga på nytt. Vi har teke høgde for dette i fordeling av planmidlane i 2019.

Fv. 607 Heggebø – Leirvik i Hyllestad

Prosjektet er eit gang- og sykkelprosjekt. Målsetjinga er å fullføre manglande lenker på strekninga. Prosjektet har investeringsmidlar i 2019.

Reguleringsplanen er venta vedteken i februar 2019. Det er trong for litt midlar i 2019 til avsluttande arbeid.

Fv. 614 Breivika - Svelgen

Gang- og sykkelvegprosjektet har startløyving i 2019. Arbeidet med reguleringsplanen vil bli slutført i desember. Det er ført opp midlar til å dekke meirforbruket frå 2018 og til slutføring av arbeidet.

Fv. 614 Svelgen – Indrehus i Bremanger

Dette er eit stort prosjekt som er prioritert med oppstart i 2020. På grunn av knapp ramme til planlegging for 2019, er det ikkje funne rom for å setje av midlar i samsvar med innmeldt behov.

Fv. 698 Blaksettunnelen i Stryn

Prosjektet er eit stort prosjekt og er lyst ut med oppstart vinter/vår 2019. Prosjektet er tildelt midlar for å dekke meirforbruk i 2018.

Fv. 722 Flovegen i Stryn

Prosjektet er eit skredsikringsprosjekt og er lyst ut med oppstart vinter/vår 2019.

Prosjektet er tildelt midlar for å dekke meirforbruk i 2018.

Atløysambandet

Prosjektet er ikkje prioritert i Regional transportplan, men prosjektet fekk tilført midlar til oppstart av arbeid med reguleringsplan i FT-sak 44/2018 Tertialrapport 2/2018.

Innmeldt behov for midlar i 2019 samsvarar med unyttta midlar frå 2018. Prosjektet er difor ikkje tildelt meir midlar i 2019.

Tiltak for framkome og tryggleik

Det er ført opp midlar til planlegging av prosjekt som får tildelt midlar av posten Tiltak for framkome og tryggleik under Mindre utbetringar.

Behovet er vurdert til å vere mindre enn det som er ført opp i planleggingsprogrammet.

Trafikktryggingstiltak

Det er ført opp midlar til planlegging av prosjekt som får tildelt midlar av posten Trafikktryggingstiltak. Behovet er vurdert til å vere mindre enn det som er ført opp i planleggingsprogrammet.

Kollektivtrafikktiltak

Det er ført opp midlar til planlegging av Kollektivtrafikktiltak i samsvar med planleggingsprogrammet.

Aktuelle nye planprosjekt

Fv. 57 Dale – Storehaug i Fjaler/Gaular

Prosjektet er eit mindre utbetningsprosjekt med oppstart i 2019. Det er ført opp midlar til mindre regulering for å tilpasse til eksisterande reguleringsplan og til eventuelle grunnundersøkingar. Dette er i samsvar med planleggingsprogrammet.

Fv. 609 Heilevang i Førde

Prosjektet er prioritert på 1.plass på marginallista for skredsikring i Regional transportplan. Vi fører opp midlar til reguleringsplan i samsvar med planleggingsprogrammet.

Fv. 611 Sæle – Engebø i Naustdal

Prosjektet er eit mindre utbetningsprosjekt med planlagt oppstart i 2020. Midlane skal gå til reguleringsplanarbeid.

Fv. 615 Sandane – Fitje i Gloppen

Prosjektet står oppført som 1. prioritet på marginallista for gang- og sykkelveggar i Regional transportplan. Fylkestinget gjorde vedtak i sak 57/2017 om at prosjektet skulle førast opp med planleggingsmidlar i 2019.

Det er ført opp midlar til reguleringsplan i samsvar med planleggingsprogrammet.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren støttar Statens vegvesen sitt framlegg til fordeling og rår til at planmidlar for 2019 vert fordelt på prosjekt slik det går fram av tabellen i pkt. 2 i denne saka.